



Reidar Gripsgård

Referanser:

Dykker:

Vår: 16/1833 - 16/15288

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

09.08.2016

## Godkjenning - GBNR 49/12 - Løyve til utlegging av flytebrygge

**Administrativt vedtak. Saknr: 272/2016**

**Tiltakshavar:**

Bjørn Ove Iden

**Ansvarleg søker:**

Rega Pro AS, org nr 941607667

**Søknadstipe:**


Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

**SAKSUTGREIING:**

Tiltak:

Ansvarleg søker Rega Pro AS har ved søknad journalført 5.8.2016 søkt om løyve til utlegging av 2 stk flytebrygger (totalt 7 båtplassar) i sjøarealet utanfor gbnr 49/12, lo i Meland kommune.

Tiltaket og plassering er skildra slik gjennom situasjonskart og teikningar journalført motteke 5.8.2016 (utsnitt):



Tiltaket er godkjent av Bergen og Omland Havnevesen gjennom vedtak av 17.6.2016.

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## VURDERING:

### Nabovarsling og privatrettslege forhold:

Tiltaket blei nabovarsla i perioden 23.4. – 2-5.2016, i samsvar med pbl § 21-3. Tiltaket blei nabovarsla saman med søknad om løyve til oppføring av reiskapsskjul, som kommunen gav løyve til 15.6.2016, DS 202/2016 (arkivsakid 16/985).

Det er motteke merknadar frå Alf Kårbø (eigarar av gbnr 49/11), som i epost journalført motteke 12.5.2016 har vist til avtale om vedlikehald av tilkomstveg med tiltakshavar og satt frem krav om ny avtale om fordeling av vedlikehaldskostnader dersom det blir fleire brukara av vegen. Tiltakshavar har kommentert merknadene gjennom epost journalført motteke 1.6.2016.

Administrasjonen vurderer spørsmålet om kostnadsdeling for vedlikehald av tilkomstveg som privatrettsleg og dette må løysast mellom partane. Gbnr 49/12 har vegrett og spørsmålet merknadsstiller har teke opp er ikkje til hinder for byggjeløyve som omsøkt, jf pbl 21-6. Føreliggjande vedtak inneber ikkje avgjerd av privatrettslege spørsmål.

### Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 49/12 er ein matrikkelregistrert landbrukseigedom på om lag 45 dekar. Sjøarealet utanfor eigedomen der tiltaket skal plasserast er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett som område for framtidig småbåthamn/flytebrygge (FL\_11). Tiltaket er i samsvar med arealformålet og utløyser ikkje plankrav. Eigedomen har parkeringsareal på land som stettar krava i KPA punkt 1.6.9, tabell 4.

Administrasjonen vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå korkje arealformålet eller byggjeforbodet i strandsona, jf føresegn 1.6.1 til KPA.

### Plassering og utforming av tiltaket:

Tiltaket skal plasserast og utformast som vist på vedlagt situasjonskart og teikningar journalført motteke 5.8.16.

### Ansvar:

Det ligg føre følgjande erklæringar om ansvar, jf pbl § 23-3:

Rega Pro AS Organisasjonsnummer: 941 607 667	SØK, Ansvarleg søker (tkl 1) UTF, Montering, sikring, forankring av flytebrygge (tkl 1)
---	---

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova kap 20 løyve til utlegging av 2 stk flytebrygge som omsøkt på gbnr 49/12 i samsvar med søknad journalført motteke 5.8.2016.

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjons journalført motteke 5.8.2016. Avstand til nabogrense på 4 meter er absolutt.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikning  
Teikning

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Alf Kårbø

Bjørn Iden